

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 191/2025

av 19. september 2025

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtanane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2025/757 av 16. april 2025 om godkjenning av sepiolitt som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegnar om fôrvarer. Føresegnar om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel II, etter nr. 658 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2025/711), skal nytt nummer lyde:

”659. **32025 R 0757**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2025/757 av 16. april 2025 om godkjenning av sepiolitt som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L, 2025/757, 22.4.2025).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2025/757 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 20. september 2025, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

(1) TEU L, 2025/757, 22.4.2025, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2025/757/oj.

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 19. september 2025.

For EØS-komiteen

Stefán Haukur Jóhannesson

Formann

UOFFISIELL OMSETJING